

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
053/15	Levekårsutvalet	PS	01.09.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Kristin Moe	15/3035

## Framlegg til planprogram for kommunedelplan oppvekst

### Vedlegg:

Kommunedelplan for Oppvekst - utkast til planprogram (2)Mandat - Kvalitetsplan oppvekst

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Framlegg til planprogram for kommunedelplan for oppvekst 2016 – 2019 blir sendt ut på høyring, i samsvar med plan og bygningslova §§ 11-4, 11-15.

### Levekårsutvalet - 053/15

#### LE - behandling:

Orientering til saka ved kommunalsjef Kristin Moe.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### LE - vedtak:

Framlegg til planprogram for kommunedelplan for oppvekst 2016 – 2019 blir sendt ut på høyring, i samsvar med plan og bygningslova §§ 11-4, 11-15.

### Saksopplysningar:

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Levekårsutvalet

## **Bakgrunn**

Ved å etablere oppvekst som ein sektor i Lindås kommune ønskjer ein mellom anna å medverke til auka tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats. Det er behov for å definere og prioritere tiltak i lys av denne målsetjinga, med fokus på tenesteutvikling og kvalitetsarbeid.

## **Vurdering**

Lindås kommune har høg kvalitet på tenestene innafor sektoren og har lang tradisjon på tverrfagleg samarbeid. Det er også godt samarbeid mellom dei private barnehagane og skulane i kommunen og avdelingar i kommunal regi. Ved å samle fagområde retta mot barn og unge (samt vaksne knytt til opplæring) inn under oppvekst, er grunnlaget lagt for eit utvida samarbeid knytt til tenesteutvikling, systemtiltak og kvalitetsarbeid. Ein kan slik definere ei heilskapleg prioritering retta mot barn og unge i kommunen. Gjennom planprosessen har ein som målsetjing å utarbeide eit oversyn over prioriterte tiltak innafor sektoren, der arbeidsform og ansvarspersonar også blir definert. Felles innsats til det beste for den einskilde er ei overordna målsetjing for arbeidet.

Med dette vil aktørar innafor sektoren kunne samarbeide om utviklingsområde, systemtiltak og praksisutvikling. Målsetjinga er at mottakarar av tenestetilbod innafor sektoren oppleve å få eit heilskapleg og koordinert tenestetilbod, tilpassa etter behov. I tillegg ønskjer ein av dei erfarer at kommunen arbeider systematisk og koordinert med tidleg innsats.

Ein legg opp til at ulike interessentar skal kunne orientere seg i kommunen sine prioriteringar og tiltak. Kommunen vil vidare sikre at ein ikkje har overlappende systemtiltak i vesentleg grad, men heller tiltak som utfyller kvarandre, og slik medverkar til eit best mogleg tilbod til aktørane innafor sektoren.

Det å etablere ein kvalitetsplan for oppvekst skal ikkje vere til hinder for utviklingsarbeid i den einskilde avdeling, men bidra til felles fokus og prioritering knytt til valde område.

.....